



Arkivnr: 2014/655-4

Saksbehandlar: Nils Vetlesand

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.02.2014
Fylkestinget		11.03.2014

## Pensjonsordninga for folkevalde - grense for innmelding

#### Samandrag

Fylkesrådmannen foreslår i saka at grensa for innmelding i pensjonsordninga for folkevalde vert sett til 3,5% av grunnlaget for godtgjersle som er fastsett i fylkeskommunen sitt reglementet. Bakgrunnen er at det ved innmelding i KLP må fastsetjast ei grense om ikkje grensa på 1/3 av full godtgjersle vert lagt til grunn. Fylkesrådmannen legg vidare til grunn at dei folkevalde som vert tilslutta pensjonsordninga, også skal meldast inn i AFP-ordninga 62–64.

#### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner at grensa for innmelding i pensjonsordninga for folkevalde vert fastsett til 3,5% av grunnlaget for godtgjersle som er fastsett i reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune.
2. Fylkestinget godkjenner at AFP-ordninga 62-64 vert gjeldande for pensjonsordninga for folkevalde.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Johnny Stiansen  
fylkesdirektør økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 11.02.2014

### Bakgrunn

Fylkestinget godkjende 15. oktober 2013, sak 46 ny pensjonsordning for folkevalde. Fram til utgangen av 2013 var reglementet til fylkeskommunen at berre fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren var tilslutta pensjonsordninga for folkevalde.

Den nye pensjonsordninga for folkevalde som fylkestinget valde, omfatta fleire politisk valde enn fylkeskommunen sine 2 heiltidspolitikarar. Opplegget var at alle folkevalde med fast verv skulle meldast inn i pensjonsordninga. Det var i denne samanhengen ikkje sett noka nedre grense for kor stor godtgjersla måtte vera for at den folkevalde skulle meldast inn i pensjonsordninga. Den gamle grense – 1/3-dels stilling – som galdt for tilsette var sett ut av kraft etter ein arbeidsrettsdom.

Dei folkevalde i Hordaland fylkeskommune vert frå 1. januar 2014 meldt inn i den ordinære tenestepensjonsordninga for tilsette i samsvar med fylkestinget sitt vedtak.

DNB avvikla sitt tilbod om offentleg tenestepensjonsordning og fylkestinget valde i møte 15. oktober 2013 KIP som ny tenestepensjonsleverandør.

### Vedtekter for ordninga i KLP

KLP har i eit tillegg til vedtektena for den offentlege tenestepensjonsordninga særlege bestemmelser for folkevalde. I desse heiter det at folkevalde med minst 1/3 av full godtgjersle skal meldast inn i pensjonsordninga. Det kan likevel fastsetjast lågare minstegrense.

I § 1 Omfang heiter det om dette:

«Folkevalgte i tillitsverv som medfører godtgjøring beregnet ut frå minst 1/3 av full godtgjørelse skal meldes inn i kommunens eller fylkeskommunens ordinære pensjonsordning for arbeidstakere. Det kan avtales lavere minstegrense for innmelding av folkevalgte enn hva som gjelder i pensjonsordningen for øvrig.»

At dei nye vedtektena til pensjonsordninga kom til å inneha ei føresegn om minst 1/3-stilling for å kome med i ordninga var overraskande for fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen la i innstillinga til fylkestinget i oktober 2013 til grun at terskelen for å kome med var 0 slik som for tilsette. Slik fylkesrådmannen ser det, er grensa på 1/3 av full godtgjersle for høg og ikkje i samsvar med det som låg bak fylkestinget sitt vedtak om tenestepensjonsordning for folkevalde. Fylkestinget ville utvida ordninga til å gjelda fleire enn dei to heiltidspolitikarane i fylkeskommunen. Fylkesrådmannen meiner difor det bør fastsetjast ei lågare grense for å vera omfatta av pensjonsordninga enn 1/3 av full godtgjersle.

I dei særlege bestemmelsane om folkevaldordninga – også i § 1 – går det fram at ein kan nytta to utgangspunkt ved fastsetjing av grensa for innmelding – den høgaste eller den lågaste lønna heiltidspolitikaren i fylkeskommunen. Sidan Hordaland fylkeskommune berre har to heiltidspolitikarar vert det i praksis spørsmål om ein skal ta utgangspunkt i fylkesordføraren si godtgjersle eller om utgangspunktet skal vera godtgjersla til fylkesvaraordføraren.

Godtgjersla for folkevalde i Hordaland fylkeskommune tek utgangspunkt i eit grunnlag på kr 819 100, jf. reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune. Dette grunnlaget – for tida kr 819 100 – sam svarar med fylkesvaraordføraren si godtgjersle. Fylkesrådmannen vil difor foreslå at ein også legg dette til grunn som utgangspunkt når grensa for innmelding i pensjonsordninga skal fastsetjast.

Av reglementet går det fram at fylkestingsmedlemmene får godtgjersle på 3,5% av grunnlaget på for tida kr 819 100. Fylkesrådmannen vil foreslå at denne satsen vert sett som minstegrense for innmelding i pensjonsordninga.

### **AFP-ordninga i KLP**

Ved innmelding i pensjonsordninga i KLP er det spørsmål om dei folkevalde også skal omfattast av ordninga AFP 62-64. Fylkesrådmannen legg dette til grunn.